

# Innretting og kriteria for Hordaland fylkeskommune sine kunstnarstipend

*Til handsaming i KIRU 13.02.2018*

Kunstnarstipend til profesjonelle kunstnarar – innan ulike kunstfelt - busett i Hordaland

*Det er 360 000 kroner til til fordeling i 2018*

*Søknadsfrist er ei gong i året*

## 1. FØREMÅL

Kunstnarstipenda skal gje kunstnarar høve til ein periode med fordjupning og / eller fagleg påfyll. Stipend skal også gje merksemd til dei utvalde kunstnarskapa.

Gjennom Regional kulturplan PREMISS : KULTUR har Hordaland fylkeskommune utarbeidd ein tydeleg politikk for det profesjonelle kunstfeltet. Innsatsområde 27 Kunstløft - det profesjonelle kunstfeltet har følgjande mål:

*Vilkåra for kunstproduksjon, visning/framføring og formidling av kunst i heile fylket skal styrkast. Regionen skal ha eit berekraftig og levande kunstliv med komplette verdikjeder.*

Kunstnarstipenda skal supplere andre meir prosjektbaserte søknadsordningar ved å gje høve til å søkje midlar om å utvikle eige kunstnarskap i ein fase / periode, t.d. gjennom reise, ny kompetanse, utprøving av metodar el. utan å måtte ha utarbeidd prosjekt eller plan for ferdig kunstverk el.

## 2. KVEN KAN SØKJE

Søklar må vere profesjonell, utøvande kunstnar busett i Hordaland for å kunne søkje kunstnarstipenda. Det vert ikkje gitt støtte til personar som er under formell kunstutdanning / i ein grunnutdanningsfase. Ein må søkje som enkeltkunstnar og grupper/orkester/firma el kan ikkje søkje som gruppe.

## 3. KVA KAN STØTTAST

Det vert gitt 12 utviklingsstipend á 30 000 kroner.

Det kan søkjast innan følgjande kategoriar:

- Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design)
- Musikk
- Scenekunst(inkl. dans)
- Litteratur og film
- Anna / tverrkunstnarleg verksemd

Om ein har fått stipend gjennom HFK skal det gå minst 3 år før ein igjen vil verte vurdert for evt. nytt stipend.

Det er eit mål at nokre av stipenda vert tildelt kunstnarar i etableringsfasen

## 4. VURDERING, SAKSHANDSAMING OG VEDTAK

Det skal leggast vekt på kandidaten sin kunstnarlege aktivitet, kvalitet og talent / evne. Å gje høve til kreativt arbeid er føremålet med stipenda.

Det kan ikkje søkjast om midlar direkte til instrument, materiale, utstyr ol.

Søknadane skal leggast fram for komitear for følgjande kunstformar:

- Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design)
- Musikk

- Scenekunst (inkl. dans)
- Litteratur og film

Komiteane skal setjast saman av fagfolk frå utvalde, representative kunstinstitusjonar og – organisasjonar. Det skal vere ei blanding av fagfellevurdering og anna kunstfagleg kompetanse i komiteane. Det skal nemnast opp stipendkomitéar med medlemmar utnemnde frå følgjande organisasjonar /institusjonar:

- Visuell kunst (inkl. kunsthåndverk og design): Bildende kunstneres forening Hordaland (2 medlemmer), Norske kunsthåndverkere Vest-Norge, VISP, Fakultet for kunst, musikk og design (KMD) v UiB.
- Musikk: Brak, Vestnorsk Jazzsenter, Fakultet for kunst, musikk og design (KMD) v UiB, Bergen filharmoniske orkester, Hordaland fylkeskommune – Seksjon for kunst- og kulturformidling
- Scenekunst (inkl. dans): Proscen, BIT Teatergarasjen, Vestlandske teatersenter, Høgskolen i Bergen - Senter for kunstfag, kultur og kommunikasjon  
Litteratur og film, Norsk forfattersentrum Vestlandet, Skrivekunstakademiet og Vestnorsk filmsenter

Desse stipendkomitéane skal vurdere og innstille søkjarar. Innstillingane skal vere grunnjevne. Det skal tildelast eit minst eitt stipend til kvar kunstform om søkjarmenga er tilstrekkeleg. Vidare vil fordelinga av stipend gjerast på grunnlag av søkjartal for dei ulike kunstartane, geografi og tidlegare tildelte stipend.

Organisasjonane står fritt til å velje kven dei vil peike ut som sine representantar til komiteane.

Basert på arbeidet i komiteane skal Kultur- og idrettsavdelinga – seksjon for kunst- og kulturformidling / fylkesrådmannen ta den siste heilskaplege vurderinga og fram innstilling til Utval for Kultur, idrett og regional utvikling som har det endelege vedtak i saka. Det vert ikkje lagt fram offentlege vurderingar av andre enn dei nominerte kandidatane.

I komitéarbeidet skal god forvaltningsskikk og forvaltningslova sine bestemmingar om m.a. habilitet og teieplikt ligge til grunn.

## **5. SØKNADSKRAV**

Søklar må fylle ut det nettbaserte søknadsskjemaet for ordninga.

Det er ikkje krav om budsjett i søknaden.

Det kan visast til relevante nettlinkar og leggst ved eitt PDF-vedlegg på inntil 9 MB. Det kan lastast opp lyd- og filmler i tillegg der dette er relevant.

## **6. OPPFØLGING, RAPPORTERING OG KONTROLL**

Dei som får tildeling må sende inn rapport på bruken av stipendet innan 3 månader etter at stipendperioden er ferdig.